



Utvida rett til Fysisk aktivitet frå 1.8.2009 Gjennomføring Vats skule

Forskrift om rett til fysisk aktivitet utanom kroppsøvingstimane (Utdrag)

- Skal gjelda for elevar i 5. – 7. klasse
- Skal utgjera 76 årstimar, eller 2,7t/v a` 45 minutt. – tilsvarande 0,9timar a`45 minutt pr klasse.
- Krav til vurdering gjeld ikkje – men det skal gjevast rettleing og oppmuntring av den som leiar aktiviteten
- Den som leiar aktiviteten treng ikkje vera utdanna pedagog. Leiaren har ansvar for tryggleiken.
- Opplæringa skal leggjast slik til rette at den passar for alle – uansett føresetnadar.
- Opplæringa skal fremja sosial kompetanse og meistringsfølelse.
- Opplæringa inneber ei utviding av skuledagen, og skal ikkje erstatta friminutt eller liknande.
- Opplæringa skal timeplanfestast.
Den skal gå føre seg jamleg, og ikkje vera i så små økter at den ikkje er eigna til å nå formålet. Opplæringa kan ikkje samlast opp for å arrangera idrettsdagar eller skidagar.

Organsiering

- **Utviding av skuledagen**
Me tenkjer at dette i praksis fører til ei utviding av skuledagen for 5.6. og 7. klasse med ein time pr veke. Den ekstra timen fører til at elevane på desse klassetrinna går heim ein time seinare på onsdagen.
- **Organisering av timane**
Timane blir lagde faste på vekeplanen utanom kroppsøvingstimane.
- **Elevressurs**
Ein time a` 45 minutt i 5. 6. og 7. klasse
- **Resurs til fagarbeidar**
45 minutt x 3 i 36 veker + tid til planlegging.
- **Personal som skal stå for opplæringa**
Tidressursen og opplæringsansvar blir lagt til ein fagarbeidar. Fagarbeidaren samarbeider med ein lærar og rektor.
- **Planlegging og gjennomføring av opplæringa**
1. året vil ein lærar få ein ressurs for å planleggja ramma rundt opplæringa med fagarbeidaren. Etter dette vil fagarbeidaren få ein ressurs for vidare planarbeid og gjennomføring av opplegget.

Mål for opplæringa

- Det skal lagast ein årsplan for arbeidet
- Det må vera stor grad av elevmedverknad når planen for aktivitetane blir laga
- Det skal vera både gruppe og individuell aktivitet
- Eigenaktivitet kan tillatast dersom eleven har ein godkjent plan for dette.
- Det kan gå føre seg mange ulike aktivitetar i timane.
- Alle skal oppleve at aktivitet er kjekt.
- Fagarbeidar avgjer om aktiviteten er av ein slik art at det skal dusjast etter aktiviteten.

Årsplan for aktiviteten skal godkjennast av rektor.